

# Eksamen

03.06.2016

RLV2003

Etablering og drift

**Programområde:** Vg2 Reiseliv

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p><i>I denne oppgåva blir det lagt vekt på:</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- <i>I kva grad du har nådd måla i læreplanen</i></li><li>- <i>At du kan knyte teori og praksis</i></li><li>- <i>At svara dine har ei fagleg grunngiving</i></li></ul> <p><i>Spesielt for denne oppgåva:</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- <i>Du skal vurdere kva rolle ein organisasjon har i den strukturelle oppbygginga av reiselivsnæringa i Noreg</i></li><li>- <i>Du skal vurdere moglegheit for å utvikle berekraftige reiselivsprodukt</i></li><li>- <i>Du skal ha kjennskap til trendar innan reiselivsnæringa, og du skal kunne vurdere produkt opp mot desse trendane</i></li><li>- <i>Du skal kunne rekne ut pris på eit reiselivsprodukt</i></li></ul>
<b>Andre opplysningar</b>	Ingen



Fjord Norge AS er landsdelselskapet for dei fire Vestlandsfylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, og her inngår nokre av Noregs fremste attraksjonar. I tett samspel med destinasjonsselskapa og næringa, leier dei det internasjonale marknadssamarbeidet for Fjord Norge regionen.

Fjord Norge sin visjon er å vere det mest profesjonelle og slagkraftige destinasjonsselskapet i Europa. Selskapet skal posisjonere Fjord Norge som verdas mest attraktive destinasjon for natur- og opplevingsferiar.

Fjord Norge seier følgjande på sine heimesider;

*«Eventyrleg, dramatisk, spektakulært, autentisk eller eineståande?»*

*Det er vanskeleg å finne orda som best beskriv Fjord Norge, av mange rekna som verdas ypparste og mest mangfaldige reisemål. Ord blir fattige, for det er utvilsamt noko heilt spesielt med fjella, fjordane, fossane, isbreane, kulturlandskapet, menneska og fjordbyane. Kva skal ein eigentleg seie om det National Geographic Traveler har kalla "The world's most iconic destination".»*

## Oppgåve 1

- Forklar den strukturelle oppbygginga av reiselivsnæringa i Noreg, og vurder kva rolle Fjord Norge har i denne samanhengen.
- Vurder Fjord Norge sine produkt opp mot dagens trendar, og som grunnlag for å utvikle berekraftige reiselivsprodukt.

Ved behov, ta eigne føresetnader, og grunngi desse.

## Oppgåve 2

Norway Active er ei bedrift som er medlem i Fjord Norge. Bedrifta tilbyr unike turar med guide i Fjord Norge sin flotte natur. Turane er lagt opp til at deltakarane er aktive, og inkluderer blant anna sykling, padling, gåturar osv.

Ein av dei mest populære turane dei tilbyr omfattar togtur frå Voss til Myrdal med Bergensbanen, tur med Flåmsbanen frå Myrdal til Berekvam, sykkelstur frå Berekvam til Flåm, Fjordsafari og padling i Nærøyfjorden.

Det er vanleg å arrangere turar for grupper på 12 personar. Turen inkluderer lunsj, og varer i 10 timar. I 8 av desse timane har gruppa ein eigen guide. Turen inkluderer også ein busstur på 2 timar, og selskapet har eigen buss og sjåfør.

Norway Active bereknar desse kostnadane per tur:

Togbillett per person frå Voss til Myrdal	kr. 123,-
Togbillett per person frå Myrdal til Berekvam	kr. 200,-
Lunsj per person	kr. 150,-
Lønnskostnad til guide per time	kr. 550,-
Kostnad buss med sjåfør per time	kr. 2 500,-
Leige av utstyr etc. per person	kr. 2 750,-

Selskapet kalkulerer med 55 % indirekte kostnadar og 25 % fortjeneste.

I dette tilfellet bereknar selskapet med ein meirverdiavgift på 25 %, sjølv om ulike varer og tenester i Noreg i dag opererer med ulik prosentsats.

- a) Kva blir prisen per deltakar dersom du legg til 25 % meirverdiavgift?
- b) Kor mange deltakarar må kvar tur minst ha for at bedrifta ikkje skal tape pengar?
- c) Kva kallar du kalkylemetoden som du bruker i denne oppgåva, og kvifor har han dette namnet?

Ved behov, ta eigne føresetnader, og grunngi desse.

# Bokmål

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p><i>I denne oppgaven blir det lagt vekt på:</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- <i>I hvilken grad du har nådd målene i læreplanen</i></li><li>- <i>At du kan knytte teori og praksis</i></li><li>- <i>At svarene dine har en faglig begrunnelse</i></li></ul> <p><i>Spesielt for denne oppgaven:</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- <i>Du skal vurdere en organisasjons rolle i den strukturelle oppbyggingen av reiselivsnæringen i Norge</i></li><li>- <i>Du skal vurdere mulighet for å utvikle bærekraftige reiselivsprodukter</i></li><li>- <i>Du skal ha kjennskap til trender innen reiselivsnæringen, og du skal kunne vurdere produkter opp mot disse trendene</i></li><li>- <i>Du skal kunne beregne pris på et reiselivsprodukt</i></li></ul>
<b>Andre opplysninger</b>	Ingen



Fjord Norge AS er landsdelsselskapet for de fire Vestlandfylkene Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, og her inngår noen av Norges fremste attraksjoner. I tett samspill med destinasjonsselskapene og næringen, leder de det internasjonale markedsarbeidet for Fjord Norge regionen.

Fjord Norges visjon er å være det mest profesjonelle og slagkraftige destinasjonsselskapet i Europa. Selskapets skal posisjonere Fjord Norge som verdens mest attraktive destinasjon for natur- og opplevelsesferier.

Fjord Norge sier følgende på sine hjemmesider;

*«Eventyrlig, dramatisk, spektakulært, autentisk eller enestående?»*

*Det er vanskelig å finne ordene som best beskriver Fjord Norge, av mange regnet som verdens ypperste og mest mangfoldige reisemål. Ord blir fattige, for det er utvilsomt noe helt spesielt med fjellene, fjordene, fossene, isbreene, kulturlandskapet, menneskene og fjordbyene. Hva skal man egentlig si om det National Geographic Traveler har kalt "The world's most iconic destination".»*

## Oppgave 1

- Forklar den strukturelle oppbyggingen av reiselivsnæringen i Norge, og vurder hvilken rolle Fjord Norge har i denne sammenheng.
- Vurder Fjord Norges produkt opp mot dagens trender, og som grunnlag for å utvikle bærekraftige reiselivsprodukt.

Ved behov, ta egne forutsetninger, og begrunn disse.

## Oppgave 2

Norway Active er en bedrift som er medlem i Fjord Norge. Bedriften tilbyr unike turer med guide i Fjord Norges flotte natur. Turene er lagt opp til at deltakerne er aktive, og inkluderer blant annet sykling, padling, gåturer osv.

En av de mest populære turene de tilbyr omfatter togtur fra Voss til Myrdal med Bergensbanen, tur med Flåmsbanen frå Myrdal til Berekvam, sykkelstur fra Berekvam til Flåm, Fjordsafari og padling i Nærøyfjorden.

Det er vanlig å arrangere turer for grupper på 12 personer. Turen inkluderer lunsj, og varer i 10 timer. I 8 av disse timene har gruppa en egen guide. Turen inkluderer også en busstur på 2 timer, og selskapet har egen buss og sjåfør

Norway Active beregner disse kostnadene per tur:



Togbillett per person frå Voss til Myrdal	Kr. 123,-
Togbillett per person frå Myrdal til Berekvam	Kr. 200,-
Lunsj per person	Kr. 150,-
Lønnskostnad til guide per time	Kr. 550,-
Kostnad buss med sjåfør per time	Kr. 2 500,-
Leie av utstyr etc per person	Kr. 2 750,-

Selskapet kalkulerer med 55 % indirekte kostnader og 25 % fortjeneste.

I dette tilfelle beregner selskapet en merverdiavgift på 25 %, sjølv om ulike varer og tjenester i Norge i dag opererer med ulik prosentsats.

- a) Kva blir prisen per deltaker dersom du legger til 25 % merverdiavgift?
- b) Hvor mange deltakere må hver tur minst ha for at bedriften ikkje skal tape penger?
- c) Kva kaller du kalkylemetoden som du bruker i denne oppgaven, og hvorfor har den dette navnet?

Ved behov, ta egne forutsetninger, og begrunn disse.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)